JOSTEDALSBREEN NASJONALPARK

ÅRSMELDING 2005



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

STATENS NATUROPPSYN JOSTEDALSBREEN

FØREORD

Dette er den 14. årsmeldinga for Jostedalsbreen nasjonalpark.

Jostedalsbreen nasjonalpark vart oppretta ved Kongeleg resolusjon i Regjeringa 25.10.1991. Nasjonalparken vart ved Kgl. res. 18.06.1998 utvida, og utgjer i alt ca. 1315 km^2 (korrigerte tal ut frå meir nøyaktige målingar på digitalt kartverk).

Naturoppsyn Anne Rudsengen (Statens naturoppsyn) og rådgivar Tom Dybwad (Fylkesmannen i Sogn og Fjordane) har skrive årsmeldinga.

Ettersom Nigardsbreen naturreservat grensar til Jostedalsbreen nasjonalpark på tre sider, er også Nigardsbreen årsrapporten innarbeidd i denne årsmeldinga.

Stryn/Leikanger oktober 2006

Anne Rudsengen (sign.)
SNO - Jostedalsbreen

Tom Dybwad (sign.)
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Framside: Bergsetbreen har minka så mykje dei seinare åra at han held på å gå av på midtenFoto: Anne Rudsengen
Opplag: 100 eks.

JOSTEDALSBREEN NASJONALPARK: ÅRSMELDING 2004

INNHALD:

1. INNLEIING

2. ADMINISTRASJON

- 2.1 Forvaltning og naturoppsyn
- 2.2 Statens naturoppsyn
- 2.3 Organisering og personell
- 2.4 Det rådgjevande tilsynsutvalet
- 2.5 Forvaltningsplan og skjøtselsplan

3. STATUS OG AKTIVITET

- 3.1 Dispensasjons- og forvaltningsarbeid
- 3.2 Oppsynsaktivitet
- 3.3 Grensemerking
- 3.4 Informasjon og formidling
- 3.5 Skjøtsel og tilrettelegging
- 3.6 Friluftsliv og rekreasjon (ferdsel og turisme)
- 3.7 Målingar av breen
- 3.8 Landbruk
- 3.9 Dyreliv og jakt
- 3.10 Forsøpling og slitasje
- 3.11 Bygge- og anleggsaker
- 3.12 Motorisert ferdsel
- 3.13 Andre dispensasjonar
- 3.14 Tiltak som har fått tilskot
- 3.15 Tiltak og aktivitetar i tilgrensande område
- 3.16 Hendingar

4. SENTRALE ARBEIDSOPPGÅVER

VEDLEGG 1. Medlemmar av det rådgjevande tilsynsutvalet
VEDLEGG 2. Retningslinjer for det rådgjevande tilsynsutvalet for nasjonalparken
VEDLEGG 3. Bilete frå aktivitetar og hendingar i 2004 (s. I – II)

1. INNLEIING

Jostedalsbreen nasjonalpark vart vedteken ved Kongeleg resolusjon i Regjeringa 25.10.1991 med eit areal på 1230 km^2. Nasjonalparken vart utvida med ca. 80 km^2 i Stryn kommune den 18.06.1998. Nasjonalparken ligg i kommunane Luster, Sogndal, Balestrand, Førde, Jølster, Gloppen og Stryn i Sogn og Fjordane fylke, og utgjer i alt 1315 km^2 (utrekna på digitalt kartverk).

Formålet med nasjonalparken går fram av verneforskrifta pkt. III:

"- å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høgfjell med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentleg naturleg tilstand.
- å gje ålmenta høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv, som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging.
- å verne om kulturminne og kulturlandskap."

Verneformålet er retningsgjevande for forvaltninga av nasjonalparken.

Nigardsbreen naturreservat (28 km^2, oppretta i 1985) grensar til nasjonalparken. I nokon grad vert aktivitet her omtala i årsmeldinga.

2. ADMINISTRASJON

2.1. Forvaltning og naturoppsyn

Forvaltning og naturoppsyn i Jostedalsbreen nasjonalpark er organisert slik:

? Fylkesmannen er forvaltningsstyresmakt for nasjonalparken, og står for (forvaltnings-)planlegging og handsaming av alle dispensasjonssaker i med hald av verneforskrifta. Fylkesmannen sine internettsider finn ein på http://www.fylkesmannen.no/
? Statens Naturoppsyn (SNO) har ansvar for alt oppsyn, som innebere informasjon, skjøtsel, tilrettelegging, registrering, dokumentasjon og kontroll.
Statens naturoppsyn sine internettsider finn ein på http://www.dirnat.no/

Det rådgjevande tilsynsutvalet, der alle dei sju kommunane med areal i nasjonalparken (Luster, Sogndal, Balestrand, Førde, Jølster, Gloppen og Stryn) har eit medlem kvar, gjev råd om dei store linjene i forvaltninga av nasjonalparken.

Luster kommune overtok forvaltningsansvaret for Nigardsbreen naturreservat frå fylkesmannen frå 1.8.2005. Statens naturoppsyn har ansvar for oppsyn i naturreservatet.

2.2 Statens naturoppsyn

Frå 1. januar 2000 er Statens naturoppsyn (SNO) fast etablert med lokalkontor for Jostedalsbreen nasjonalpark, med kontorstad ved Jostedalsbreen nasjonalparksenter i Stryn. Frå november 2003 fekk og SNO-Jostedalsbreen kontor i Sogndal, Gravensteinsgata 19. Dette kjem i tillegg til kontoret i Stryn.

Bakgrunnen for SNO er *Lov om Statleg naturoppsyn* som vart vedteken 21.06.96. Statens naturoppsyn vart oppretta ved kongeleg resolusjon 25.10.96.

SNO er organisert som ei eiga avdeling i Direktoratet for naturforvaltning i Trondheim. Til saman er det pr. oktober 2006 i alt 62 lokale SNO-stillingar ca. 200 deltidsengasjerte (medrekna rovviltkontaktar). SNO er no delt i tre seksjonar: Rovviltseksjonen, Kystseksjonen og Nasjonalparkseksjon, der kontoret til SNO-Jostedalsbreen sorterer under. Sjølv om det er delt inn i seksjonar, så vil framleis dei tilsette arbeide med andre oppgåver enn det som berre høyrer til seksjonen. I 2006 vart Statskog i Finnmark lagt ned og Fjelltjensten, som var ein del av denne, var ført over til SNO.

Formålet med SNO er å ta vare på nasjonale miljøverdiar og førebyggje miljøkriminalitet. SNO skal ikkje gjere vedtak etter verneforskrifta, men drive oppsyn etter lov om statleg naturoppsyn. Det vil seie utøve oppsyn etter sju særlover (laks- og innlandsfiskelova, viltlova, naturvernlova, motorferdselslova, friluftslova, kulturminnelova og delar av ureiningslova) og gje rettleiing og informasjon. Vidare kan SNO drive skjøtsel, registrering og dokumentasjon, og i tillegg til at Miljøverndepartementet kan gje andre oppgåver. Når forvaltningsstyremakta ved fylkesmannen ynskjer det, gir SNO fagleg innspel til sakshandsaminga. Dette kan tildømes vere innspel om naturtilhøve i eit område.

Det geografiske hovudarbeidsområde for det lokale SNO-kontoret er Jostedalsbreen nasjonalpark + nærliggjande verneområde. Andre feltoppgåver er m.a. knytt til mindre verneområde, dokumentasjon av dei store rovdyra og arbeid knytt til miljøvernlovverket som ulovleg motorferdsel i utmark. SNO har også eit samordningsansvar for alt oppsynsarbeidet i landet, og lokalkontoret tek del i dette arbeidet.

Statens naturoppsyn sine arbeidsoppgåver dekkjer eit vidt fagfelt:

? å ivareta nasjonale miljøoppgåver
? kontroll i høve til lover, forskrifter og anna regelverk
? å førebyggje miljøkriminalitet
? rettleiing og informasjon
? praktiske skjøtselsoppgåver av ulik art
? registrering og dokumentasjon
? opplærings- og kompetansetiltak
? samordning av ulike oppsynsordningar

2.3 Organisering og personell

Tom Dybwad er tilsett som rådgjevar hos fylkesmannen og er sakshandsamar for Jostedalsbreen nasjonalpark. E-postadresse: tom.dybwad@fmsf.no

Anne Rudsengen er tilsett som naturoppsyn ved SNO sitt lokalkontor. E-postadresse: anne.rudsengen@dirnat.no
Besøksadresser er: Jostedalsbreen nasjonalparksenter, Oppstryn og SNO-kontoret i 3. høgde i "Bankbygget"/Gravensteinsgata 19 , Sogndal.

I tillegg har følgjande personell delteke i oppsynstenesta for 2005: Luster kommune ved Einar Fortun (oppsyn Nigardsbreen), Geir Kvam, oppsyn Hafslovatnet, samt innkjøp av ledsagertenester frå Jostedalen Breførarlag.

2.4 Det rådgjevande tilsynsutvalet

Det rådgjevande tilsynsutvalet for nasjonalparken, der alle kommunane med areal i parken er representerte, held eitt til to møte i året. Utvalet skal gje råd om dei store linjene i forvaltninga av nasjonalparken. Einskildsaker vert berre tekne opp dersom dei har prinsipiell interesse. Til vanleg vert det halde eit møte om våren der ein diskuterer siste års forvaltning, der ein då trekkjer opp linjer for forvaltninga komande sesong (for mandatet til utvalet, sjå vedlegg).

Møtet i det rådgjevande tilsynsutvalet vart halde på Norsk Bremuseum i Fjærland 16.11.2005. Hovudtema på møtet var:

? årsmelding 2004
? oppsummering av forvaltning og feltarbeid i 2005
? skiltprosjektet kring Jostedalsbreen NP
? oppsummering av Naturbruksprosjektet

Utvalet hadde ei synfaring på Skei sentrum om korleis informere om Jostedalsbreen nasjonalpark her.

Ordførar Nils P. Støyva, Stryn er leiar i utvalet, og ordførar Torodd Urnes, Luster er nestleiar.

2.5. FORVALTNINGSPLAN OG SKJØTSELSPLAN

Forvaltningsplan for Jostedalsbreen nasjonalpark byggjer på verneforskrifta og gir retningslinjer for bruk og vern av området. Planen vart godkjend i 1994 etter forutgåande høyring. I planen vert nasjonalparken delt inn i soner, der Fåbergstølsgrandane er i spesiell vernesone, breplatået i sone utan spesiell tilrettelegging og inngrep, og dalane stort sett er i brukssone. Ein internettversjon av forvaltningsplanen med oppdatering av dei viktigaste juridiske og faktiske endringane blei lagt ut i på fylkesmannen sine heimesider i mars 2002 (sjå **http://www.fjordinfo.no/fmsf/org/Miljo/forvaltningsplan/JOSTFORvpl2002.pdf**)

Skjøtselsplan for Bødalen, Erdalen og Sunndalen i Stryn er ei oppfølging av vedtaket om utviding av nasjonalparken i desse områda av 18.06.1998. Fylkesmannen godkjende ein planen i mai 2001 etter forutgåande høyring av framlegg til plan. Skjøtselsplanen byggjer på verneforskriftene og forvaltningsplanen for nasjonalparken. Formålet med skjøtselsplanen er å avklare og kome fram til:

- kva for tiltak som er ønskjelege og trengst for å oppretthalde naturkvalitetane i området inklusive kulturlandskapet
- kva for tiltak som er viktige for grunneigarane
- ordningar som både grunneigarar og forvaltningsstyresmaktene er tente med

Skjøtselsplanen har stort sett fått god mottaking. Fylkesmannen og SNO tek sikte på å følgje opp tilrådingane i skjøtselsplanen i åra som kjem. Grunneigarane gjer kvart år ein innsats i tråd med planen.

Nigardsbreen naturreservat fekk godkjend forvaltningsplan i 1997.

3. STATUS OG AKTIVITET

Etter at forvaltningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark vart godkjend av fylkesmannen i juni 1994, har ein søkt å følgje retningslinjene i denne i den daglege forvaltninga og oppsynet. Nasjonalparken er inndelt i 4 sonekategoriar: spesiell vernesone, sone utan tilrettelegging og inngrep, brukssone og sone med tilrettelegging og inngrep. Soneinndelinga er i tråd med retningslinjene som Direktoratet for naturforvaltning har for forvaltning av nasjonalparkar.

Jostedalsbreområdet utgjer eit av dei største områda med kvalifisert villmark (villmarks-prega område) i Sør-Noreg, det vil si område som ligg meir enn 5 km frå veg, busetnad og større tekniske inngrep som kraftutbygging, kraftlinjer osv. (jf. DN-rapport 1994-6 «Inngrepsfrie naturområder i Norge»). Inngrep som skjer nærare enn 5 km frå område med kvalifisert villmark vil såleis redusere areal med denne kvaliteten. Det er ikkje registrert nye større inngrep i tilgrensande område på fleire år. Den vedtekne vasskraftutbygginga i Kjøsnesfjorden vil, når den kjem, redusere villmarskområde (inngrepsfrie område meir enn 5 km frå store inngrep) med 12,3 km2.

3.1. Dispensasjons- og forvaltningsarbeid

I 2005 har fylkesmannen handsama 21 journalførte saker vedrørande Jostedalsbreen, mot 16 i 2004 og 14 i 2003. I tillegg kjem saker vedrørande Nigardsbreen, i alt 1 saker i 2005 mot 8 saker i 2004 og 6 saker i 2003.

3.2 Oppsynsaktivitet

Feltaktiviteten i nasjonalparken og i Nigardsbreen naturreservat utgjorde til saman 68 dagsverk. Sidan oppretting av nasjonalparken har omfanget av oppsynet/feltarbeidet vore slik (dagsverk):

1992	1993	1994	1995	1996	1997	1998	1999	2000	2001	2002	2003	2004	2005
25,5	43	38,5	30	45	45	30	48	64	61	70	59	70	68

Det er ikkje registert brot på verneoforskrifta i nasjonalparken eller i naturreservatet i 2005. Det vart registrert ei ureglementert landing med helikopter då det berre forelå løyve frå Stryn kommune, men ikkje frå forvaltningsstyresmakta, då søkjaren ikkje var klar over at han også måtte ha løyve her.

Jostedalsbreen nasjonalpark har mykje besøk sommarstid, og det er stor interesse og eit høgt aktivitetsnivå med mange aktørar i og rett utafor nasjonalparken. Arbeidet til SNO-Jostedalsbreen er også av koordinerande karakter i høve aktuelle aktørar på tema som gjeld landbruk og informasjonsarbeid. Arbeidet til SNO-Jostedalsbreen er også å vere katalysator for arrangement og tiltak for å fremje interessen og forståinga for nasjonalparken.

3.3 Grensemerking

Grensene for nasjonalparken skal vere merkte med faste boltar i grensepunkta, det vil si knekkpunkta for grensa. Der det er faste merke frå før, til dømes på trigonometriske punkt, eigedomsgrensemerke, steinvardar eller liknande, skal det ikkje tilleggsmerkast.

Der mykje brukte stiar kryssar grensa for nasjonalparken, skal det stå grenseskilt, og det er i alt satt opp 32 slike grenseskilt. Det vart ikkje skifta ut grenseskilt i 2005, men eit nytt grenseskilt vart sett opp i Fosdalen i Oppstryn.

3.4 Informasjon og formidling

Informasjonsplakaten, som var ferdig i 1995, er sett opp ved mest alle dei viktigaste innfallsportane. Informasjonsbrosjyren om Jostedalsbreen nasjonalpark kom i ny og revidert utgåve i 1999. I 2003 vart det som eit prøveprosjekt sett opp ”velkomstskilt” i Briksdalen og i Kjenndalen. Dette er eit enkelt skilt som viser logoen til nasjonalparken og teksta ”Velkomen til Jostedalsbreen nasjonalpark”. Mange turistar let seg fotografere attmed skiltet.

I 2005 vart det brukt mykje tid på *”Skilt- og informasjonsprosjektet for Jostedalsbreen nasjonalpark”*. Dette har som mål å synleggjere nasjonalparken betre gjennom ein einsarta skiltdesign og ulike opplysningar ved ulike innfallsportar. Prosjektet er eit samarbeid mellom Fylkesmannen og SNO med ei tung referansegruppe sett saman av representantar frå dei tre nasjonalparksentra, vegvesnet (Nasjonale turistvegar), fylkeskommunen og Innovasjon Norge. Designfirmaet Ralston&Bau frå Fjaler har utvikla ein skiltdesign inspirert av breen der den visast att både i form og farge. I første omgang er det planlagt oppsetjing av informasjonstavler/skilt 14 ulike stader kring nasjonalparken.

<u>Nasjonalparksentra</u>
Jostedalsbreen nasjonalpark er - med tre autoriserte nasjonalparksentre (1996) - i ei særstilling i høve til andre nasjonalparkar med omsyn til informasjonstilbod. Det er knytt visse føresetnader til autorisasjonen som nasjonalparksenter, mellom anna ein plan om eit nettverksamarbeid mellom dei tre sentra rundt Jostedalsbreen. Nettverksamarbeidet kom i gang hausten 1997 og er seinare vidareført. Fylkesmannen etterser at føremålet med autorisasjonen vert følgd opp.

Direktoratet for naturforvaltning har i Rapport 2005-1 ”Policy og retningslinjer for miljøforvaltningsens samarbeid med nasjonalparksentrene” endra noko på fylkesmannen si rolle i høve nasjonalparksentra.

Dei tre naturinformasjonssentra blir nytta av mange brukergrupper, frå cruiseturistar som berre er på eit kort stopp til skuleelevar som har undervisningsopplegg som varer heile dagen.

Tal besøkande til nasjonalparksentra dei siste åra:

	1996	1997	1998	1999	2000	2001	2002	2003	2004	2005
Breheimsenteret	15.000	15.000	17.000	16.000	16.500	17.000	17 000	17 000	17 000	17 000
Norsk Bremuseum	76.000	65.000	71.000	61.000	59.500	60.500	51.800	51 288	50 000	47530
Jostedalsbreen NPS	21.000?	15.000	12.000	13.000	17.500	18.000	33.700	35 000	37 200	36030

Norsk Bremuseum hadde litt nedgang i besøket i høvet til året før. I 2005 hadde bremuseet ei ny spesialutstilliing om naturlege klimaendringar. *Breturkartet*, med oversikt over turtilboda med førar på Jostedalsbreen vart utgjeve som tidlegare år. Norsk Bremuseum hadde også i 2005 mykje besøk frå ulike skular og universitet frå inn- og utland. Utstillinga om nasjonalparkar med vekt på Jostedalsbreen nasjonalpark i undervisningsbygget er gratis.

Breheimsenteret i Jostedalen har eit tett samarbeid med Jostedalen breførarlag, og senteret fungerer som knutepunkt for all bre- og fjellaktivitet i Jostedalen sommartid. Dette gjeld òg tilbodet som Icetroll har med padling på Styggevatnet og brevandring på Austdalsbreen. Breheimsenteret er ein viktig informant til turistane om breen, nasjonalparken og kva ein kan oppleve der, ved at om lag 1/3 av dei som vitjar Nigardsbreen er innom senteret. Sidan sommaren 2001 har Breheimsentert i samarbeid med breførarlaget og Brevegen hatt ei informasjonsteneste i høgsesongen på parkeringsplassen ved Nigardsbreen, som og er utgangspunktet for båten Jostedalsrypa. Denne ordninga har vorte vidareført sidan. Breheimsenteret med kafeen er eit viktig samlingspunkt for både folk lokalt og tilreisande sommartid, og medverkar til å skape eit aktivt kulturliv i Jostedalen, m.a. gjennom arrangementet "Blåe tonar under breen", som vart arrangert første gong i 2003. Talet på besøkande heldt seg jamnt med året før, ca. 17 000 som betalte inngangsbillett, medan kring det dobbelte var innom senteret i 2005.

Jostedalsbreen nasjonalparksenter var i 2005 prega av høg aktivitet med rekordstort besøk og med mykje utviklings- og prosjektarbeid. Ny utstilling ute med geologisk park med kommunestein frå kvar kommune vart opna i 2005.. Besøkstalet var det nest høgste nokosinne med ca. 36000 i 2005, men kunne ha vore høgre om ikkje Geirangervegen hadde vore stengt til langt ut i juni pga snørasfare. Nasjonalparksenteret fekk ny film i 2002 og nye utstillingar 2004. Stiane i den botaniske hagen vart oppgradert i 2004. Senteret kjøpte i 2003 nabotomta på 15 da med tanke på vidareutvikling av senteret.

Informasjon om farane ved og på breen
Mange av brearmane frå Jostedalsbreen er store turistattraksjonar med høge besøkstal gjennom sommaren. På grunn av breen sine rørsler vil brefronten endre seg frå år til år og gjennom året. I dette "urolege landskapet" vil det difor vere fare for både is-ras, steinsprang og flaumvatn kring fronten. Allemannsretten i friluftslova gjer at alle kan ferdast fritt i utmark, også framfor brear og anna terreng som kan utgjere fare. Denne ferdsla skjer på eige ansvar, og allemannsretten er eit gode som er og har vore viktig å verne om i Noreg. Trass fri ferdsel på eige ansvar, så kjenner mange aktørar eit ansvar for å informere om farane framfor breen, og hindre at urøynde går inn på breen. Difor blir det framfor dei mest tilgjengelege brearmane sett opp informasjonsskilt og tausperringar. Samarbeidet om dette er noko ulikt frå stad til stad.

Dei siste åra har dei fleste brefrontane trekt seg tilbake og fleire har flata ut slik at isras frå brefronten ikkje er eit så stort problem no som det har vore. Men når breen trekker seg tilbake så vil det nokre stader føre til meir ustabile sider med laus ur. Difor vart det òg i 2005 satt opp skilt og tausperringar for å signalisere farane.

Det står brefareskilt framfor dei mest aktuelle brefrontane. Dette er Bødalsbreen, Kjenndalsbreen, Brenndalsbreen, Briksdalsbreen, Bøyabreen, Supphellebreen, Austerdalsbreen, Bergsetbreen og Nigardsbreen.

3.5 Skjøtsel og tilrettelegging

Skjøtsel og tilrettelegging er viktige oppgåver når det er så mykje besøk som i Jostedalsbreen nasjonalpark. Oppsynet si hovudoppgåve er å halde oversyn over kva som skjer i området og rettleie andre som ønskjer å gjennomføre tiltak som er i tråd med verneformålet med nasjonalparken. Ei sentral oppgåve er såleis å kome med innspel mellom anna til tilretteleggings- og informasjonstiltak som andre aktørar ønskjer å gjennomføre.

Trongen for stiutbetring frå Bødalsseter og innover mot breen er stor. I 2005 vart det laga ein førebels plan for utbetring av stien. Utfordringane er store med både vassig, hellande terreng og myr. I tillegg går det kyr i området, så stiutbetringa må tåle tråkk frå dei.

I morenelandskapet framføre Nigardsbreen vart det i 2004 hogd ut og rydda ein sti. Dette er starten på ein natursti som går frå bommen på Brevegen og nesten fram til parkeringsplassen ved Breavatnet. På denne måten kan ein unngå at så mange går langs/i bilvegen, og at dei i staden får ein fin tur i terrenget. Etter kvart vil det bli sett opp små skilt om natur- og kulturfaglege informasjon. Tiltaket er eit samarbeid med bygdelaget i Jostedalen. Stien kom i bruk i 2005.

I 2005 vart det lagt ut dekke/plankar på dei våte partia på stien fram mot Bergsetbreen. Denne stien er mykje nytta og er godt eigna som familietur.

3.6 Friluftsliv og rekreasjon (ferdsel og turisme)

Samanlikna med dei andre store fjellområda og nasjonalparkane i landet, så er det i Jostedalsbreen nasjonalpark ikkje så lett å gå frå hytte til hytte eller vere undervegs i fleire dagar. Måten å gjere dette på er å krysse breen og ligge over i telt eller på hyttene som ligg i ytterkant av breen, evt nede i dalane. Dette krev brerøynsle og god trening.

Dei mest brukte rutene for dei som går vanleg fottur i området er dei T-merkte stiane mellom dalføra (Stardalen-Oldedalen, Fjærland-Veitastrond, Sunndalen-Skjåk) og til turlagshytter (Skålatårnet, Flatbrehytta) og i dalane (m.a. Bergsetdalen, Erdalen).

Dei fleste som besøker nasjonalparken går difor på dagsturar i ytterkanten av parken. Dei mest besøkte stadene er inn mot Briksdalsbreen, Bøyabreen, Supphellebreen, Kjenndalsbreen og Nigardsbreen. Det er vanskeleg å gje sikre tal for omfanget av besøkande til desse stadene, men ein reknar med at nærare 250 000 menneske besøker Briksdalsbreen kvart år.

Talet på turistar ved Nigardsbreen kan visast gjennom kor mange betalande køyrety på Brevegen og kor mange som nytta båten Jostedalsrypa på Brevatnet:

	1999	**2000**	**2001**	**2002**	**2003**	**2004**	**2005**
privatbilar	11070	11003	10727	10856	11469	12017	11951
motorsyklar	643	641	601	562	577	629	606
Bussar	244	240	245	300	293	285	288
passasjerar med båten	19640	21076	22854	23542	23934	23470	23141

Eit overslag tyder på at kring 600 000 personar vitjar Jostedalsbreområdet kvart år.

Vinterbruken av nasjonalparken til friluftsliv er liten. Folkehøgskulane i fylket er ein av brukarane av nasjonalparken midtvinters til fleirdagarsturar. Elles er det ein aukande lokal bruk til dagsturar og bratte nedkøyringar. Ved påsketider går gjerne nokon *Josten-på-langs*, elles så er langhelgene i mai mest nytta til lengre turar på breplatået.

Det ligg nokre hytter og buer innafor nasjonalparken som er opne for allmenta. Dei mest vitja er Skålatårnet og Flatbrehytta. Utviklinga når det gjeld vitjingar har vore slik:

	1994	**1995**	**1996**	**1997**	**1998**	**1999**	**2000**	**2001**	**2002**	**2003**	**2004 ***
Skålatårnet	1560	1624	1260	1175	759	1500	ca. 1400	1175	1650	1040	
Flatbrehytta	1200	1700	1970	1600	1200	1267	ca. 1200	ca 1350	?	12-1500	

*Det vert ikkje lenger føreteke opptellingar av kor mange som vitjar desse hyttene. Besøket til Skålatårnet har auka mykje dei seinare åra som følge av turløpet Skåla 1848 m rett opp som aleine fører til eit besøk på over 1000 personar på ein dag.

Dei lokale turlaga, Sogn og Fjordane Turlag (SFT), Den Norske Turistforening (DNT) og fjell- og breførarlaga arrangerer turar og kurs på Jostedalsbreen.

Oversikta under viser kor mange turar som har vore gjennomført av dei lokale turlaga (som høyrer til Sogn og Fjordane Turlag) i Jostedalsbreområdet.

	1992	1993	1994	1995	1996	1997	1998	1999	2000	2001	2002	2003	2004	2005*
tal turar	31	27	23	23	19	20	22	22	17	13	27	20	31	14
tal delt.	759	826	697	669	445	629	515	539	377	384	456	461	247	275

**av dei 28 oppsette turane vart 14 gjennomførte og 14 avlyste*

Guida turar

Dei aller fleste av dei guida turane på bre går i blåisen på Nigardsbreen, på Briksdalsbreen, på Haugabreen og på Bødalsbreen. Breførarlaga sin formidling av bre og brenatur på dei guida turane tilfører dei besøkande interesse og kjennskap til naturen og nasjonalparken.

Tal deltakarar på dei guida breturane i Jostedalsbreområdet ligg på i kring av 20.000.

Fleire av fjell- og breførarlaga har òg mange andre friluftslivstilbod både innafor og utafor nasjonalparken. Nokre av dei mest klassiske turane vinterstid og om våren er Jostedalsbreen på langs. Elles er fjell- og breførarlaga opne for å tilby skreddersydde turtilbod og turtilbod utanom det oppsette programmet. Det er ei lita auke i etterspurnaden etter slike turar.

I hovudsak var det følgjande selskap som dreiv kommersiell breføring på brearmane innafor nasjonalparken i 2005:

- *Jostedalen Breførarlag, Jostedal* (Nigardsbreen, Fåbergstølsbreen)
- *Olden Aktiv, Briksdalsbre* (Briksdalsbreen)
- *Briksdal Breføring, Briksdalsbre* (Briksdalsbreen)
- *Breoppleving, Sandane* (Briksdalsbreen og Bødalsbreen i samarbeid med *Briksdal Breføring*)
- *Glacier Team, Skei* (Haugabreen)
- *Bre og Fjell, Fjærland* (Flatbreen, Supphellebreen)
- *Ice Troll* (Austdalsbreen, Tunsbergdalsbreen – kombinert med kajakktur)
- *Breporten* (Austerdalsbreen)

Breporten er eit nyetablert firma som tilbyr breturar på Austerdalsbreen. Frå enden av bilvegen ved Tungastølen, innafor Veitastrond, er det om lag 5 km i flatt lende inn dalen til den flate Austrerdalsbreen med flott utsyn mot brefalla Tor og Odin.

Andre bre- og fjellførarfirma nytter òg nasjonalparken til ulike turar og kurs. To av desse med ei lokal tilknytning er *Norgesguidene* og *Fimbul Jostedalen*.

Alle fjell- og breførarlaga legg stor vekt på tryggleik og bruk av breførarar med høg kompetanse. Norsk Fjellsportforum (NF) sin «norsk standard» for krav til ulike typar alpin ferdsel (klatring, brevandring) er i dag retningsgjevande for krav til kompetanse som gjeld. Jostedalen Breførarlag er også medlem av det internasjonale tindevegleiarforbundet som forvaltar den høgste fagkompetansen innan fjellsport i inn- og utland.

Ved Briksdalsbreen og Nigardsbreen, dei to breane der det vert ført fleire tusen turistar på breen kvart år, er det faste og gjennomarbeidde rutinar for handsaminga av ulukker mellom breførarane, høvesvis Briksdalsbre Fjellstove/Breheimsenteret og lensmannen. Dette gjer at handteringa av eventuelle ulukker skjer så raskt og godt som mogleg.

Det er eit aukande tilbod med andre typar guiding i og ved nasjonalparken. Spesielt gjeld dette Jostedalen der Breheimsenteret er staden for informasjon og tinging av turar. I 2005 var det tilbod om kajakkpadling (og brevanding) på Styggevatnet og på Tunsbergdalsvatnet med *Ice Troll* og det var tilbod om hesteridning på Fåbergstølsgrandane med *Raudskarvfjellet turridning*.

Jostedalsbreen nasjonalparksenter har i nokre år hatt tilbod om to guida naturstivandringar kvar veke. Det er ei lita auke i etterspurnaden etter slike turar.

3.7 Målingar av breen

Kvart år blir det utført fleire ulike glasiologiske, hydrologiske og meteorologiske målingar av Jostedalsbreen. NVE (Norges vassdrags- og energidirektorat), på vegne av Statskraft, gjer årlege massebalansemålingar på Nigardsbreen og Austdalsbreen i tillegg til ei rekke brefrontmålingar. Elles nyttast ofte delar av breen i forskings- og undervisningssamanheng av universitet og høgskular i inn- og utland.

Den lengste kontinuerlege massebalanseserien på Jostedalsbreen er for Nigardsbreen (sidan 1962). Nigardsbrebassenget utgjer ca. 10 % av Jostedalsbreen. Massebalanse omfattar målingar av den oppsamla (akkumulerte) snømengden i vintersesongen og målingar av dei totale smeltinga av snø og is i sommarsesongen. Skilnaden mellom desse er nettobalansen. Nettobalansen vert positiv dersom det kjem meir snø i vintersesongen enn det smelter vekk i løpet av sommarsesongen. Med ein positiv nettobalanse vil breen auke i volum og brefrontane vil etterkvart rykke fram.

Massebalansen vert rekna i vassekvivalentar det vil si snø rekna om til vatn. På Nigardsbreen var vinterbalansen ca. 2,8 meter vassekvivalentar (2,0 i 2004), medan sommarbalansen var ca. –1,7 meter (–2,0 i 2004). Det førte til ein nettobalanse i overskot med ca. 1,1 vassekvivalentar. (I 2004 gjekk massebalansen nesten i null). Ved å sjå på utsikkerheita som ligg bak tala, så vert det konkludert med at det var ein auke i massebalansen og at Nigardsbreen la på seg eit volum tilsvarande ca. 52 mill.m^2 vatn.

På Austdalsbreen var vinterbalansen rekna til ca.2,9 meter vassekvivalentar (1,6 i 2004) noko som er den tredje høgste vinterbalansen sidan målingane starta i 1988. Sommarbalansen var ca. –2,7 meter (–2,6 i 2004). Dermed var nettobalansen positiv med ca. 0,2 meter vassekvivalentar (-1,1 i 2004). Dette tilsvarar ei volumauke på Austdalsbreen tilsvarande ca. 2 mill.m^2 vatn.

Kvar haust tek NVE og andre faginstansar òg brefrontmålingar (frontposisjonsmålingar) på ti brearmar på Jostedalsbreen. Desse er: Austerdalsbreen, Bergsetbreen, Brenndalsbreen, Briksdalsbreen, Bødalsbreen, Fåbergstølsbreen, Kjenndalsbreen, Nigardsbreen, Stegholtbreen og Store Supphellebreen.

Oversikt som viser tal meter framrykk eller tilbaketrekking i året (tala er henta frå NVE):

	1997-98	**1998-99**	**1999-2000**	**2000-01**	**2001-02**	**2002-03**	**2003-04**	**2004-05**
Austerdalsbreen	5	0	5	-20	+5	0	-5	-9
Bergsetbreen	1	-3	9	-13	-17	-19	-45	-15
Brenndalsbreen	10,5	5	0	-17	-20	-30	-20	-54
Briksdalsbreen	-3	-2	-30	+1	-16	-38	-96	-25
Bødalsbreen	9	20	4	-9	-2	-20	-21	-15
Fåbergstølsbreen	23	28	25	-20	-28	-16	-2	18
Kjenndalsbreen	-4	-7	-1	-48	-17	-26	-59	-7
Nigardsbreen	23	17	23	-4	-1	24	-25	-8
Stegholtbreen	9	6	8	-15	-2	-21	-19	-4
Store Supphellebre		24	-46	-9	-28	-30	-27	19

Målingane av brefronten vert gjort for eit punkt i brefronten. Andre delar av brefronten kan ligge både lenger fram eller lenger bak.

3.8 Landbruk

Landbruksdrifta i nasjonalparken gjeld for det meste beiting. Omfanget kunne mange stader ha vore større for å hindre attgroing og dermed halde kulturlandskapet i hevd. Det ligg fleire stølar i nasjonalparken, men ingen vert drive på tradisjonelt vis – utover beiting. Fleire stader kan eigna seg til å ta opp nokre av dei tidlegare driftsmåtane på stølen for å vidareformidle kulturlandskapstiltak som til dømes slått og lauving.

Det er pr. 31.12.2004 gjeve ein fleirårig dispensasjon til vedhogst til eigen bruk i nasjonalparken (Langedalen i Veitastrond, Luster kommune), for høvesvis perioden 2000-2004 og 2003 - 2005. I Brenndalen, Stryn kommune låg det føre eit slikt løyve ut 2004. Der forvaltningsplanen gjev opning for vedhogst, er det fleire grunneigarar som har meldt interesse for dette.

Det har vore gjeve både løyve og tilskot for å leggje til rette for ei landbruksdrift innafor nasjonalparken ved å utbetre bufarsvegar og bygge bruer for å lette beitinga.

3.9 Dyreliv og jakt

Det er også i 2004 observert jerv og spor etter jerv fleire gonger i Jostedalsbreområdet. Observasjonane er gjort i nordlege delar av nasjonalparken (Stryn og Luster kommunar) .

Med omsyn til det biologiske mangfaldet er Jostedalsbreområdet truleg særleg viktig for rovfuglar og spesiell insektsfauna i brenære område. For å få betre oversikt over dyre- og fuglelivet vert alle oppmoda om å melde frå til oppsynet om interessante dyre- og fugleobservasjonar. Det er òg viktig å melde frå om ein oppdagar turistar eller andre som viser påfallande interesse for rovfuglar og andre sjeldne fuglar med tanke på faunekriminalitet.

Den nordlege delen av nasjonalparken ligg i ytterkanten av beiteområde for villreinen i Ottadalsområdet. Hovuddelen av villreinjakta vert drive utafor nasjonalparkgrensa. Også Svartebotn villreinområde ligg delvis innafor nasjonalparken. Det er noko småviltjakt (hovudsakleg rype) og hjortejakt i nasjonalparken.

3.10 Forsøpling, slitasje o.l.

Avfall og forsøpling utgjer nokre stader eit problem i nasjonalparken. Det er noko problem med søppel (plastposar, ølboksar, teposar, aviser m.m.) ved dei mest nytta stadene på breplatået, mellom anna i Ståleskardet og på Høgste Breakulen. Tilhøva er likevel betra dei seinare åra.

I tillegg er det viktig for villmarkskjensla at stein, pinnar (sjølvlaga teltpluggar) og liknande ikkje vert liggjande i snøen/på bre-isen når folk reiser frå overnattingsstaden. Slike små inngrep gjer at eit område ikkje lenger har eit urørt preg. Utviklinga tydar på at det er ei positiv haldningsendring i retning av *sporlaus ferdsel* i utmark blant brukarane av Jostedalsbreområdet og nasjonalparken.

I dei mest vitja turistområda kring breen er det ikkje registrert spesielle problem med forsøpling takka vere god tilrettelegging og oppfølging av lokale reiselivsbedrifter, kommunar og grunneigarar. Ofte er det eit lokalt initiativ som står bak utbetringane av toaletttilhøva kring nasjonalparken.

Mosjonsløpet "Skålatårnet 1848 meter rett opp" vart arrangert for tredje gong i 2005, etter dispensasjon frå fylkesmannen. 1020 personar deltok i 2005 med å gå til Skålatårnet, av desse 446 i konkurranseklassa. Arrangøren reknar sjølv med ei maks. grense på 1000 deltakarar. Arrangementet gjekk knirkefritt, og det vart rydda godt opp i etterkant. Det er likevel ein del slitasje i form av snarvegar til stien, noko som truleg skuldast at deltakarar tok snarvegar på veg ned (forbod mot snarvegar under løpet). Det er forbod mot bruk av sko med piggar for å unngå unødig slitasje på vegetasjonen.

Det er no lite att av gamalt søppel som var registrert i Nigardsbreen natureservat. Det finst noko slitasjeskader der stiane ikkje i periodar ikkje har vore godt nok merkte som følgje av dei mange turistane som går inn til Nigardsbreen. T-merkinga på stien til Nigardsbreen blir janleg vedlikehalden.

3.11 Bygge- og anleggsaker

Ved alle byggesaker o.l. i nasjonalparken og tilgrensande område samarbeider fylkesmannen med kulturavdelinga i fylkeskommunen (tidl. fylkeskultursjefen) om utforming m.m. for å sikre ivaretaking av tradisjonell og god byggeskikk. Det kom søknad om følgjande inngrep/anleggstiltak i nasjonalparken i fjor:

? å utvide Flatbrehytta i Fjærland, Sogndal (løyve)
? å restaurere eit gamalt sel på Vetledalsetra (løyve)
? å gjennomføre ulike tiltak i samband med eit stort forskningsprosjekt innen geologi: Snitt i morenar i Bødalen og små sprengningar med dynamitt på 50 lokalitetar i elvelaupet til Erdalselva (løyve, vidareføring av tidlegare løyve)
? å leggje/byggje om stien til Briksdalsbreen

I Nigardsbreen naturreservat var det ingen søknader om dispensasjon frå verneforskrifta.

Stien til Briksdalsbreen vart teken av eit stort steinras i desember 2004. Det var naudsynt med maskiner for å lage til ein ny sti, m.a. fordi den måtte leggjast om på rasstaden. I samband med dette vart stien også utbetra ovafor Hesteskyssplassen. Heile omlegginga var eit stort prosjekt med stort tidspress sidan den nye stien måtte vere ferdig til turistsesongen. Med litt tilsåing langs stien vart den nye stien fin og god å gå (sjå foto bak)

3.12 Motorisert ferdsel

Søknader om motorferdsel i nasjonalparken har i 2005 auka høve til åra før. Det var 10 søknader om bruk av motorferdsel i nasjonalparken i 2005, noko som er 3 meir året før. Alle søknadene gjaldt landing med helikopter. To av søknadene var for media/filmopptak knytt til informasjon om Jostedalsbreen og nasjonalparken, fire galdt transport av materialar til hytter, ei galdt fiskeutsetting, to galdt i samband med forsking og den siste galdt i samband med arrangement. Alle søknader om motorferdsel i 2005 vart innvilga.

I Nigardsbreen naturreservat var det ingen søknader om motorferdsel i 2005 mot 3 i 2004 og 4 året før.

Nedanfor følgjer ei oversikt over fleirårige løyve til motorferdsel i nasjonalparken og i Nigardsbreen naturreservat:

Stad	*ansvarleg*	*framkomstmiddel*	*formål*	*år*	*omfang*
Flatbrehytta	Eirik Øygard	helikopter	drift	2004-2008	3 dg à 4 turar
Skålatårnet	Bergen Turlag	helikopter	drift	2003-2005	ein dag
Jostedalsbreen Nigardsbreen	NVE	helikopter, snøskuter	forsking	2003-2007	4 g. i året, 1-6 dagar
Langedalen, Luster	grunneigar	traktor	vedhogst	2003-2005	15.10-15.12
Nigardsbreen	Hafslo Røde Kors Hjelpekorps	helikopter	redningsøving	2002-2006	ein dag
Nigardsbreen	IL Bjørn	snøskuter	skiløype/renn	2002-2006	april
Skålatårnet	Hotell Alexandra	helikopter	drift arrangement	2006-2008	2 dagar à 1 tur

Tidlegare løyve som er utløpt:

Brenndalen	grunneigar	traktor	vedhogst	2000-2004	10.10-10.05.

Det er ved dispensasjon for motorferdsel i nasjonalparken vanleg å setje som vilkår at køyringa skal skje utanom helger og fellesferie for å redusere konflikten med friluftsliv. Vidare at motorferdsla skal avgrense seg til det som er strengt naudsynt, og at den som får løyve skal sende rapport om motorferdsla etterpå. NVE sin aktivitet med snøskuter med utgangspunkt på Steinmannen skal søkje å halde seg aust for vassskiljet på breen for ikkje å krysse ruta *breen på langs.*

Særleg i Stryn kommune har turistflyging over nasjonalparken ført til reaksjonar lokalt. Dette skuldast m.a. flyging frå fleire stader i kommunen utan at dette har vore godt regulert. Kommunen starta i 2002 opp planarbeidet for å finne fram til eventuelle faste og gode landingsplassar (Framlegg til kommuneplan vart sendt ut i 2005).

I nasjonalparken er lågtflygingsgrensa 300 meter over bakken (verneforskrifta pkt. IV, 4.1) mot 150 meter over bakken elles (forskrift til luftfartslova). I tillegg er det spesielle reglar over Briksdalen etter at Lufttenesteinspektoratet (LTI) i 1999 sendte direktiv til alle norske flystasjonar om at området her ikkje skal overflygast under 2000 fot over bakken i perioden 1.mai til 1. oktober. I november 2003 gjorde For-

svarsstaben forbodet permanent, med ein minimum minstehøgde på 8500 fot over havet i perioden 1. mai til 1. oktober for eit område i Oldedalen/Briksdalen.

Søknaden om løyve til å lande med helikopter i samband med arrangement galdt Skåla 1848 m rett opp. Løyve vart gjeve fordi den omsøkte landinga var ved Skålatårnet, og då kan knyttast til drifta av turisthytta.

Fly- og helikopterdur i nasjonalparken tek vekk opplevinga av villmark, også om flyginga skjer høgare enn 300 meter over bakken.

3.13. Andre dispensasjonar

Mosjonsløpet *Skålatårnet 1848 meter rett opp* vart arrangert for første gong i 2002. Arrangement i nasjonalparken må ha eiga løyve, og dispensasjon vart gjeve. Mosjonsløpet vart arrangert utan bruk av helikopter. Arrangøren gjorde ein god jobb i høve til nasjonalparken, det vart rydda godt opp i etterkant, og løpet fungerte og som ei fin profilering av nasjonalparken. Det er likevel registrert noko del slitasje i stien, noko som truleg skuldast at deltakarar tek snarvegar på veg ned (det er forbod mot snarvegar under løpet). I alt 1020 personar deltok i 2005, fordelt på 446 i konkurranseklassa og dei resterande som turgåarar/mosjonistar. Arrangementet må seiast å vere svært vellukka, og fekk i 2005 løyve for åra 2006 – 2008.

Det vart også gjeve løyve til nye tiltak for å vidareføre eit stort forskingsprosjekt innan geologi om korleis breane har forma dalar og fjordar i området gjennom produksjon, transport og avsetning av sediment i eit bre – fjord – dal system i tid og rom frå siste isavsmeling og fram til i dag. Prosjektet er gjennomført av Norege Geologiske Undersøkelse (NGU) med støtte frå Noregs Forskningsråd. Søknaden galdt .a. graving av snitt i morenar i Bødalen og seismiske undersøkingar med sprenging av små dynamittladningar (ca. 50-100 g) i aktive elveleie i Erdalen. Fylkesmannen hadde omfattande kontakt med ytterlegare informasjon før løyve vart gjeve, og det vart også gjennomført synfaring med SNO på førehand. Forskingsprosjektet vil gå over fleire år framover.

Ved Austerdalsbreen vart det gjeve løyve å gjennomføre til eit forskingsprosjekt i regi av Høgskulen i Sogn og Fjordane med merking av vegetasjonsprøveflater, uttak av jordprøver og plantemateriale. Formålet er å undersøkje i kva grad vegetasjonen framfor breen kan forklarast ut i frå alderen på landskapet, dvs. tida sidan breen trekte seg attende, eller om vegetasjonen speglar att meir lokale miljøfaktorar.

3.14 Tiltak som har fått tilskot

Det føreligg inga eigen tilskotspost for tiltak i nasjonalparken, men i samarbeid med Fylkesmannen og Statens naturoppsyn er det mogleg og ynskjeleg å legge til rette og støtte opp under informasjon og tiltak som bygger opp om føremålet med vernet.

I 2005 vart det gjeve midlar til følgjande tiltak

- Reparasjon stien til Briksdalsbreen kr. 20000,-
- Tilskot restaurering av sel på Vetledalseter kr. 8000,-
- Breturkart kr. 6 000,-
- Oppfølging av Skjøtselsplan for Strynedalene kr. 10 000,-
- Skiltprosjektet for heile nasjonalparken kr. 200 000,- (fleirårig prosjekt)
- Oppussing informasjonstavle Nigardsbreen naturreservat kr. 9 000,-
- Stiutbetring Bødalseter kr. 40 000,-
- Ferdselsregistrering kr. 15 000,-

3.15 Tiltak og aktivitetar i tilgrensande område

Korleis tilhøva er i tilgrensande område til nasjonalparken har verknader for nasjonalparken. Mellom anna har tilrettelegging med parkeringsplassar, toalett, søppelstativ og informasjon, ved sentrale innfallsportar, vore viktige for å unngå forsøpling i nasjonalparken. På den andre sida vil det utifrå eit heilskapssyn vere uheldig for nasjonalparken om det vert utført skjemmande anleggstiltak/vegbygging heilt inn mot grensa. Oppsett av hytter/buer som ikkje representerer tradisjonell eller lokal byggjeskikk vil òg kunne trekke ned på eit positivt heilskapsbilde.

Den nye parkeringsplassen for bussar ved Briksdalsbre Fjellstove er planlagd utvida mot nordaust, og gjev betre skilje mellom gåande og køyretøy. Tiltak mot flaum i Oldedøla var og med i planen, saman med utviding av parkeringsplass og tilhøva for hesteskyssen ived Briksdalsbre Fjellstove. Reguleringsplanen vart godkjend i 2003, men berre mindre delar er gjennomført til no. Eit klatretårn vart oppsett i Briksdalen på motsett side av fjellstova. Byggearbeidet vart stansa fordi det ikkje var søkt kommunen om løyve. Det vert søkt om tiltaket i ettertid.

Den kjende og tradisjonsrike hesteskyssen av turistar fram mot Briksdalsbreen vart nedlagd (iallfall ein fleirårig pause) i 2004, etter prøvedrift med spesialbygde dieselsbilar i 2003. Bakgrunnen for stogg i hesteskyssen for turistar er ulukkene Oldedalen Skysslag hadde dei siste åra.

Den planlagde kraftutbygginga i Kjøsnesfjorden (v/ Kjøsnesfjorden Kraftverk AS) i Jølster kommune vil påverke nasjonalparken i området mykje pga dei store inngrepa. Det gjeld m.a. tørrlagte elver, vegar steintippar og dammar. Stortinget gav konsesjon til utbygging i Kjøsnesfjorden 11. mars 2004. Ei utbygging vil gjere at grensene for nasjonalparken i området må flyttast slik at nasjonalparken minkar med i alt ca. 1,5 km2. Sjølve gjennomføringa av grenseendringa vil bli gjennomført når utbygginga kjem i gong. Utbygginga vil også føre til ein reduksjon av område med "kvalifisert villmark" med 12,3 km^2. Jostedalsbreområdet utgjer eit av dei største områda med kvalifisert villmark i Sør-Noreg (sjå innleiinga under kap. 3). Den svært spesielle elva Pissaren i Søgnesanddalen (utanfor nasjonalparken) vert ikkje berørt av utbygginga. Kjøsnesfjorden Kraftverk AS til starta anleggsarbeidet i mai 2006.

Prosjektet Kaldakari med helikopterfrakt av turistar til fjelltoppen Kaldakari vart flytta omlag 1,5 km mot nord til Nystølsnovi rett utanfor nasjonalparkgrensa. Det blei utarbeidd reguleringsplanen for landingsplassane i dalen og ved Nystølsnovi. Planane om landingsplass ved Nystølsnovi vart avvist av Miljøverndepartementet i oktober 2005.

3.16 Spesielle hendingar

I 2004 gjekk eit steinras gjekk over vegen i Lodalen mellom minnetavla og Kjenndalsstova i slutten av oktober. Berre sekundar skilte trafikantar frå å få stein over bilane sine. Vegen vart ikkje opna i 2005, men vil truleg bli opna i 2006.

I Briksdalen inne ved breen gjekk eit stort steinras i månadskiftet november-desember 2004. Store og små steinblokker raste ut og dekte til stien inn til Briksdalsbreen. På førehand hadde Briksdalsbre Fjellstove og Oldedalen skysslag planlagt reparasjon av stien opp frå hestekyssplassen. Raset førte til at det måtte lagast ny sti innafor nasjonalparkgrensa og fram til breen over ei strekning på om lag 100 m. Dette arbeidet blei gjort våren 2005 samstundes som ein reparerte og utbetra stien opp frå Hestskyssplassen (sjå foto bak)

Landbruksdepartmentet og Miljøverndepartementet hadde felles rådsmøte i Jostedalen i april 2005, og fekk då ei grundig innføring i problemstillingar i høve bruk og vern og næringsutvikling.

4. SENTRALE ARBEIDSOPPGÅVER

I hovudsak vil det vere SNO og til dels Fylkesmannen som sett i gang eller følgjer opp dei oppgåvene som er nemnt her. For mange av oppgåvene vil det vere eit samarbeid med andre aktørar som kommune, lensmannskontor, frivillige lag og organisasjonar, reiselivsverksemder og grunneigarar. Utvikling av gode samarbeidsrutinar for aktuelle partar er ein viktig del av arbeidet.

Informasjon og formidling

- ? Ettersyn av grensemerke og grenseskilt. Skilt som er øydelagde/stolne, vil bli erstatta
- ? Informasjon om fare og oppfølging av sikringstiltak ved dei mest besøkte brearmane
- ? Informasjonstavle ved utsiktspunkt for Melkevollsbreen i Oldedalen
- ? Halde fram med formidlingsarbeid i felt saman med nasjonalparksentra og andre
- ? Delta i arrangement av den europeiske nasjonalparkdagen 24. mai
- ? Vidareføre Skilt- og informasjonsprosjektet
- ? Finne nye måtar å skape interesse og forståing for nasjonalparken, som innsamling og presentasjon av historier og segn
- ? Støtte Breturkartet utgjeve av Norsk Bremuseum

Skjøtselstiltak og tilrettelegging

- ? Oppfølging av skjøtselsplan for Bødalen, Erdalen og Sunndalen i Stryn
- ? Samarbeid med Bødalen Sameige om ulike sider ved friluftslivsbruken av Bødalseter (teltplassen m.m.)
- ? Utbetring av stien inn mot Bødalsbreen på dei blautaste partia like innafor Bødalseter
- ? Vedlikehald og reparasjon av steintrappene i den gamle ferdselsvegen over Kamperhamrane i Sunndalen
- ? Halde fram arbeidet med naturstien i Nigardsbreen naturreservat i samarbeid med Jostedalen Bygdelag
- ? Følgje opp reparasjonsarbeid i Lundeskaret og utbetring av heile ruta
- ? Følgje opp utbetring av sti/sikring i Oldeskaret og opp Vetledalen (Erdalen)
- ? Følgje opp rydding av opp- og nedgangar frå Jostedalsbreen
- ? Følgje opp omlegging av sti i Supphelledalen
- ? Utvikle ei ferdselsregistrering for sentrale innfallsportar til nasjonalparken
- ? Følgje utviklinga (slitasje) på stien til Skålatårnet pga auka ferdsel

Koordinerings- og organiseringsarbeid

- ? Koordinere samarbeidet med dei aktuelle partane for dei viktigaste innfallsportane (Jostedalen, Veitastrond, Fjærland, Stardalen, Oldedalen, Lodalen og Oppstryn)
- ? Utvikle eit *levande arkiv* der informasjon knytt til dei ulike innfallsportane stadig blir oppdatert

Registrering, dokumentasjon og kontroll

- ? Registrering av alle inngrep (vegar, bygg, merkte stiar, skilt osv.) i nasjonalparken med tilgrensande område skal vidareførast
- ? Stikkprøver m.o.t turistflyginga over breen vil halde fram. Situasjonen i Briksdalen må følgjast særleg nøye
- ? Følgje med på fugle- og dyrelivet, spesielt på villrein og rovfugl, og følgje opp eventuelle spor og observasjonar av rovdyr (jerv)
- ? Halde fram med fotodokumentasjon av bygg og andre gamle og nye spor etter menneske

VEDLEGG 1: Medlemmer av det rådgjevande tilsynsutvalet for Jostedalsbreen nasjonalpark i perioden 2004-2007

Luster kommune:	Ordførar Torodd Urnes, Luster kommune, 6866 Gaupne (nestleiar)
	vara: varaordførar Kjellfred Veum, Luster kommune, 6866 Gaupne
Sogndal kommune:	Jarle Aarvoll, Aarvollvegen, 6856 Sogndal
	vara: Gunnstein Flugheim, Dalavegen 43, 6856 Sogndal
Balestrand kommune:	Odd Atle Linde, 6899 Balestrand
	Hanne Sæbø, 6899 Balestrand
Førde kommune:	Ordførar Nils Gjerland, Førde kommune, 6801 Førde
	vara: varaordførar Norvald Nøringset, Skora 6, 6800 Førde
Jølster kommune:	Normann Skrede, 6843 Skei i Jølster
	vara: Anders Hegrenes, 6843 Skei i Jølster
Gloppen kommune:	Øystein Hellerud, 6823 Sandane
	vara: Lillina Mary Støyva, 6826 Byrkjelo
Stryn kommune:	Ordførar Nils P. Støyva, Stryn kommune, 6781 Stryn (leiar)
	vara: varaordførar Johanna Nygjerd, Stryn kommmune, 6781 Stryn

Møteplikt og talerett:

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane:	Rådgjevar Tom Dybwad
	vara: Naturvern- og friluftskonsulent Johannes Anonby
Statens naturoppsyn:	Førstekonsulent Anne Rudsengen
	vara: Førstekonsulent Rein-Arne Golf

VEDLEGG 2:
Vedteke på møte i utvalet 22.04.1994 og endra 3.06.1998, 3.06.1999 og 29.10.2004

1. Det rådgjevande tilsynsutvalet for Jostedalsbreen nasjonalpark er oppretta i samsvar med foredraget til Kgl. res. for Jostedalsbreen nasjonalpark av 25.10.1991.

2. I utvalet sit ein representant frå kvar av kommunane med areal i nasjonalparken (Luster, Sogndal, Balestrand, Førde, Jølster, Gloppen og Stryn kommunar).

   I tillegg har ein representant frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og ein representant frå Statens naturoppsyn, dei to organa som representerer høvesvis ansvarleg forvaltningsstyresmakt og dei daglege arbeidsoppgåvene i nasjonalparken, møteplikt. Desse 2 representantane har talerett i tilsynsutvalet.

   Fylkesmannen sin representant er sekretær for utvalet.

3. Utvalet skal vere eit kontaktforum mellom lokalt nivå og forvaltningsstyresmakta for nasjonalparken.

4. Medlemmane i utvalet skal målbere både offentlege organ, friviljuge organisasjonar og grunneigarane sine syn på forvaltninga av nasjonalparken.

5. Grunnlaget for arbeidet i utvalet er Kgl. res. av 25.10.1991 og Kgl. res. av 18.06.1998 om oppretting av Jostedalsbreen nasjonalpark.

6. Utvalet skal ha møte minst ein gong i året. Dette møtet bør haldast i august eller september. Fylkesmannen er ansvarleg for å kalle inn til møtet.

   Dersom ein medlem av tilsynsutvalet går inn for det, skal det haldast ekstra møte i utvalet.

7. Leiar og nestleiar for utvalet vert valde for 2 år om gangen.


Vedlegg 3 Bilete frå aktivitetar og hendingar i 2005 i Jostedalsbreen nasjonalpark
Alle foto ved Anne Rudsengen



Måling av kor tjukk isen er på vatnet framfor Bødalsbreen. Forskarar frå NGU vurderte å ta prøver frå botnsedimenta vinteren 2005.



På dei våte partia av stien inn mot Bergsetbreen vart det i 2005 lagt ut plankar/klopper.



Grovabreen er ein mykje nytta utfartsstad på godvêrsdagar i påska.



Eit steinras øydela delar av stien inn mot Briksdals-breen vinteren 2004-2005. Stien er lagt om.



Naturoppsynet kan finne skadde husdyr som blir meldt til eigar.



I elvelaupet på breelvflatene i Erdalen gjorde forskarar frå NGU i 2004 mindre sprengingar for å måle kor tjukke lausmassane er. Det er vanskeleg å finne spor etter arbeidet året etter.



Frå 2005 er det starta tilbod om hesteturar innover Fåbergstølsgrandane. På førehand vart den beste traseen synfara.



Bødalsbreen i frost, i oktober.



Den nye stien (opna 2005) parallelt med bilvegen inn mot Nigardsbreen er merkt og stort sett tydeleg og lett å finne.



Det har vore vanskeleg å finne ein god trasè over elva som kjem frå Nipeskaret i Supphelledalen etter at flaumstredet i 2004 førte til store endringar i elvelaupet.



Oppsetting av grenseskilt i Fosdalen i Oppstryn.



Snørasa i Erdalen er mektige.